

Forskrift om vern av Krossfjorden marine verneområde, Sund, Austevoll, Os og Bergen kommunar, Hordaland

Heimel: Fastsatt ved kgl.res. med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34, jf. § 39 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

§ 1. (Føremål)

Føremålet med Krossfjorden marine verneområde er å ta vare på eit spesielt kystområde med trua, sjeldan og sårbar natur, og som representerer bestemte naturtypar av særskilt naturvitenskapleg verdi. Det er ei målsetjing å halde verneverdiane utan større grad av ytre påverknad, og området skal kunne tene som referanseområde for forsking og overvaking og aktivitetar som reketråling og tarehausting.

Krossfjorden er uvanleg djup og mykje av det særprega biologiske mangfaldet er knytt til havbotnen, mellom anna korallrev, særprega kalkalgar og store areal med tareskog som aldri har vore kommersielt hausta. Dette er viktige oppvekst- og beiteområde for eit mangfald av marine artar.

Verneføremålet knyter seg til vassøyla og sjøbotnen.

§ 2. (Geografisk avgrensing)

Det marine verneområdet dekker eit sjøareal på om lag 216 km² med grense mot land langs dybdekote 2 m under sjøkartnull for heile området unntatt indre delar av Krossfjorden kor grensa går mot dybdekote 100 m. Ytre avgrensing følgjer 200 m under sjøkartnull ut mot Nordsjøen. Verneområdet femner om overflata, vassøyla og sjøbotnen.

Grensene for det marine verneområdet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet **xx**. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrift med kart blir oppbevart i Sund, Austevoll, Os og Bergen kommunar, hos Fylkesmannen i Hordaland, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 3. (Vernereglar)

I det marine verneområdet må ingen setje i verk noko som direkte eller indirekte kan øydelegge eller redusere verneverdiane i verneføremålet

- a) Vegetasjonen, medrekna tang, tare og andre marine planter, er verna mot skade og øydelegging. Planting av vegetasjon er forbode.

- b) Dyrelivet i sjø og knytt til sjøbotnen er verna mot skade og øydelegging. Utsetjing av organismar er forbode.
- c) Området er verna mot tiltak som t.d. etablering av ulike typar anlegg, utfylling, byggeverksemd, plassering av konstruksjonar på sjøbotnen, andre varige eller midlertidige innretningar, legging av røyrleidningar og kablar, utføring av avløpsvatn og andre konsentrerte tilførsler av ureining, mudring, uttak og deponering av masse, sprenging, boring, utslepp av kjølevatn frå land, omrøyring av vassmassar og oppankring. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømande.

§ 4. (Generelle unntak frå vernereglane)

Vernereglane i § 3 er ikkje til hinder for:

- a. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsel eller forvaltingsoppgåver som er bestemt av forvaltingsstyresmakta.
Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.
- b. Fortøyning av småbåt, og anlegg av fastfortøyning, dragfortøyning og oppankring mot land. Fortøyingsmiddel på faste fortøyningar må være i stein eller anna materiale som ikkje forureinar.
- c. Hausting av villevande marine ressursar i samsvar med havressurslova og anna gjeldande lovverk, med unntak for hausting av vegetasjon, medrekna tang, tare og andre marine planter og reketråling i referanseområde kartfesta i vernekartet.
- d. Bruk av registrerte kaste- og låsesettingsplassar.
- e. Fiske i samsvar med lakse- og innlandsfiskelova.
- f. Jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk.
- g. Ferdsel med båt eller andre fartøy, og oppankring mot land.
- h. Drift og vedlikehald av eksisterande sjømerke og andre navigasjonsinstallasjonar.
- i. Drift og vedlikehald av eksisterande sjøkablar og naudsynte reparasjonar ved akutt utfall.
- j. Drift og vedlikehald av andre eksisterande anlegg og innretningar, medrekna vegar, bruar, brygger, moloar, båtstør og båthus.
- k. Oppgradering og fornying av eksisterande sjøkablar for å heve spenningsnivå og auke linetverrsnitt når dette ikkje føreset vesentlege fysiske endringar som ikkje er i samsvar med verneføremålet.
- l. Miljødirektoratet kan av omsyn til korallførekomstar ved forskrift regulere eller forby verksemd i det marine verneområdet.

§ 5. (Spesifiserte dispensasjonsreglar)

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gje dispensasjon til:

- a. Oppføring av naudsynte navigasjonsinstallasjoner og andre farledstiltak for å trygge ferdsle til sjøs.
- b. Legging av kablar og røyrleidninger, så langt som mogleg samla i korridorer.
- c. Oppgradering og fornying av sjøkablar som ikke fell inn under § 4.
- d. Tilretteleggingstiltak for friluftsliv.
- e. Småbåthamner medrekna m.a. flytebrygger og fortøyinger.
- f. Tekniske tiltak som inneberer små inngrep på botnen og som ikke påverkar dei marine verneverdiane inkl. vassutskifting og straumforhold nemneverdig.
- g. Vedlikehaldsmudring.
- h. Istandsetting, skjøtsel og vedlikehald av kulturminne.
- i. Mindre uttak av sand til eige bruk for tilgrensande grunneigarar.
- j. Bølgjedemparar i samband med småbåtanlegg.
- k. Reketråling i referanseområde (jf. vernekart) i samarbeid med forskingsinstans.
- l. Havbruk som ikke er i strid med verneføremålet.
- m. Fangstbasert akvakultur.
- n. Levandelagring av fisk.
- o. Uttak av framande, introduserte artar.

§ 6. (Generelle dispensasjonsreglar)

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta om det ikke er i strid mot føremålet til vernevedtaket og ikke kan påverka verneverdiane nemneverdig, eller dersom tryggleiksomsyn eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, i samsvar med naturmangfaldlova § 48.

§ 7. (Skjøtsel)

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den naturtilstanden som er føremålet med vernet, i samsvar med naturmangfaldlova § 47.

§ 8. (Forvaltingsplan)

Forvaltingsstyresmakta skal utarbeide ein forvaltingsplan med nærmere retningsliner for forvalting og skjøtsel av det marine verneområdet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærmere retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

§ 9. (Forvaltingsstyresmakt)

Miljødirektoratet fastset kven som skal ha forvaltingsstyresmakta etter denne forskrifta.

§10. (*rådgjevande utval*)

Det kan oppretta eit rådgjevande utval for forvaltinga av verneområde.

§ 11. (*Iverksetjing*)

Denne forskriften tek til å gjelde straks.